

Topputøvarar møter unge talent.

23.08.2018



Dirigent Tor Skeie Olsen og mesteparten av musikarane i Uskedal skulemusikk samla rundt trommis Hanna Tvilde.

Det er litt av eit team Eirik «Eirik the Viking» Gjerdevik kjem i spissen for når dei skal ha seminar med skulekorpsa i Kvinnherad i Uskedalen til helga. Resultatet vil publikum få høyra på konsert i Aktivitetshuset søndag kl.15, og då vil vi også få oppleva den store tubaisten «Eirik the Viking» framföra nokre nummer. Det bør ikkje musikkinteresserte kvinnheringar gå glipp av!

Det er 5. året på rad at skulekorpsa har slike fellesseminar. At dei kan gjennomföra det og henta instruktørar av slik klasse, er mogeleg sidan tiltaket er støtta av Sparebankstiftinga. Uskedal skulemusikk har gjort eit varp når dei har engasjert instruktørar. Alle har solid musikkbakgrunn både som utøvarar og dirigentar på høgt nivå. Gjerdevik er ein internasjonalt kjent tubaist. I tillegg til at han har konsertar på høgt musikalsk nivå er han kjend for at han ofte krydrar framföringane sine med ein god dose av sin naturlege humor. Humoren er også eit naturleg verkemiddel i det pedagogiske arbeidet. Dette får altså publikum oppleve søndag kl.15. Han har lova å ta med humlekostyma si og framföra Czardas og Flight the bumble bee i tillegg til andre nummer. I tillegg får vi bevis på kva skulekorpsmusikantane har lært i helga.

De kan høyra ei framföring av Czardas med Gjerdevik med å klikka [HER](#). Elles finn de mange flotte framföringar om de søker på Eirik Gjerdevik på youtube.

Seminaret startar fredag kveld, og Gjerdevik har altså med seg ein stjernespekk instruktørgjeng. Dei fleste spelar no i eiltekorpsa Kronengen og Eikanger/Bjørsvik, og samlege har altså brei bakgrunn m.a. frå desse korpsa. Det er Stanley Westh (kornett), Ingvild Fagna (horn), begge spelar i Eikanger/Bjørsvik, Vegard Milde, slagverkar i Krohnengen og Smørås og Joacim Gjerdevik som har bakgrunn frå Kronengen og fleire andre toppkorps. For å understreka nivået nemner eg at danske Stanley Westh er henta inn som principlekornettist i Eikanger etter David Morton. Det er altså han som leiar kornettgruppa hos europameistrane og er den naturlege kornettsolisten der. Det burde seia sitt om kvaliteten.

Desse fellesseminara er gull verd for skulekorpsa i kommunen. At dei unge musikarane får lærdom frå slike kapasitetar, må vera både utviklende og inspirerande. I tillegg er desse seminara viktige sosialt. Vi kan glede oss til å høyre både skulekorpsmusikantane og Eirik Gjerdevik søndag ettermiddag. Dei fortener full sal!! Det vert kjekt!!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland